

**Jakob Iversen Haugen (30.04.1884 – 16.10.1964) og Karen Sofie Haugen (Olsdtr. N.Nigard Skurdal) (13.11.1887 – 24.05.1932)**



Brudebildet til Jakob og Karen Sofie i 1917

Jakob og Karen Sofie gjekk ikkje langt for å finne sin ektemake. Jakob voks opp på Skurdalshaugen og Karen Sofie i Nedre Nigard Skurdal – nokre hundre meter frå kvarandre. På Skurdalshaugen budde Iver Skurdalshaugen (24.12.1837 – 03.11.1905) saman med søskenbarnet Ane Amundsdr. Ommundsgardshagen ( 1845 – 1922) som kom til gards som budeie/hushalderske og dei vart foreldre til tvillingparet Jakob og Ola som vart født 30.04.1884. Det var ikkje så uvanleg at nærskylde fekk ungar saman på den tida.

Foreldrene til Karen Sofie var Ola Østenson Ø.Nigard Skurdal (25.06.1843 – 29.03.1905) og Kari N.Nigard Skurdal (22.08.1850 – 28.06.1928). Karen Sofie var nummer ni i ein søskenflokk på tolv ungar.

Jakob og tvillingbroren Ola fekk skjøte på Skurdalshaugen 6. september 1909 da dei var 25 år gamle. Jakob gifta seg med Karen Sofie 23.07.1917 på Lillehammer.



Gjester i bryllupet til Karen Sofie Olsdr. N.Nigard Skurdal og Jakob Iverson Skurdalshaugen 23.07. 1917:

Ståande frå venstre:

**Ragnhild Rolstad (04.09.1896 – 16.06.1974)**

Gift med Emil Rolstad og dotter til Eli N.Nigard Skurdal og Torstein Johs.son Rolstad. Eli var Karen Sofie si tante på morsida og Ragnhild var derfor søskenbarnet hennar

**Tora Ø.N.Skurdal (16.04.1877 -)**

Gift med Johannes Øyom (USA) og dotter til Pål Ø.N.Skurdal og Ane Amundsdr. S.U.Skurdal. Pål var Karen Sofie sin onkel på farsiden og Tora var derfor søskenbarnet hennar

**Jakob Iverson Skurdalshaugen (30.04.1884 – 16.10.1964)**

**Karen Sofie Olsdr. N.Nigard Skurdal (13.11.1887 – 24.05.1932)**

**Guro Olsdr. Blekastad (25.03.1872 – 26.10.1950)**

Gift med Sigurd S. Skurdal og dotter til Ola Blekastad (1842 -) i Sel og Ragnhild (1840 -).

**Sigurd S.Skurdal (03.02.1871 – 26.08.1938)**

Gift med Guro Olsdr. Blekastad og son til Peter Skurdalshaugen og Marit Johsdr. S.Skurdal. Peter var Jakob sin onkel på farsida og Sigurd var derfor søskenbarnet hans

**Inger Marie Torp Skurdal (25.02.1879 – 1929)**

Gift med Østen Ø.N.Skurdal, som var son til Pål Ø.N.Skurdal og Ane Amundsdr. S.U.Skurdal. Pål var Karen Sofie sin onkel på farsida og Østen var derfor søskenbarnet hennar. Østen og Inger Marie var foreldrene til Else og Alvhild Skurdal.

**Even Sveipe (16.07.1866 - 1943)**

Han var ugift i en søskenflokk på 11 søsken. Foreldrene hans var Marit Skurdalshaugen og Hans Erlandson Breivegen (n'minste Hans). Marit var Jakob si tante på farsida og Even var derfor søskenbarnet hans.

Sittande frå venstre:

**Iver Olson Gaarder (09.08.1855 – 1937)**

Gift med Anne Skurdalshaugen, som var Jakob si tante på farsida.

**Ola Iverson Skurdalshaugen (30.04.1884 – 15.04.1967)**

Tvillingbror til Jakob

**Hans O. Skurdal (27.02.1872 – 15.11.1952 )**

Hans var gift med Miranda Henriette Jakobine Sander (Tyskland) og han var eldste broren til Karen Sofie

**Torstein Johs.son Rolstad (25.02.1879 – 01.06.1927)**

Gift med Eli N.Nigard Skurdal, som var tanta til Karen Sofie.

Sittande fremst frå venstre:

**Alvhild Skurdal (08.07.1908 - )**

Ho var ugift dotter til Østen Ø.N.Skurdal og Inger Marie Torp Skurdal. Østen var søskenbarnet til Karen Sofie.

***Else Skurdal (02.01.1907 - )***

Gift med lærar Jarleif Nilsson Herskedal (31.05.1907 - ) i Vågå. Dotter til Østen Ø.N.Skurdal og Inger Marie Torp Skurdal. Østen var søskenbarnet til Karen Sofie.

Karen Sofie og Jakob fekk etter kvart seks ungar som vaks opp på Skurdalshaugen:

**Ivar** 22.12.1917 - 15.03.1989

**Ole** 18.10.1919 - 10.10.1997

**Kari** 14.11.1921 - 05.06.1977

**Hans** 28.04.1924 - 14.11.1977

**Johan** 07.08.1927 - 24.09.1987

**Marit** 01.12.1930 - 05.04.2000



Karen Sofie og Ivar 1918



Her er Ivar i stakk. Det var vanleg at både jenter og gutar av praktiske årsaker var kledd i stakk når dei var små. Bildet er truleg tatt våren 1919



Dette er eit av få familiebilder og er truleg frå 1924. Det viser Karen Sofie med Hans på fanget, Jakob, Kari, Ivar og Ole på låvetrappa på Skurdalshaugen.



Ole, Hans, Kari og Ivar 1924



## Ivar og Ole

Etter at Ivar var fødd i 1917 voks familien med ein unge kvart andre/tredje år inntil Marit vart fødd i 1930 som nummer seks. Sjøl om barnefamiljar med seks ungar er uvanleg i dag, var dette barnetalet nokså vanleg på den tida.

Fra 1890 til 1960 døydde 250.000 mennesker i Norge av tuberkulose og uheldigvis vart Karen Sofie råka av denne sjukdommen også. Ho døydde 24.05.1932 vel 44 år gamal. I Karen Sofie sin søskenflokk døydde også tre andre av tuberkulose/tæring (Thea 19 år, Marit 12 år og Mattias 24 år).

I 1930-åra var det harde tider i Norge og mange familiar sleit for å klare seg økonomisk. For familien på Skurdalshaugen vart det dobbelt tragisk da mora til ein barneflokk på seks gjekk bort. Attende stod Jakob med ansvaret for seks små i alderen 1 ½ - 14 ½ år.

Det er ufatteleg å forstå korleis familien klarte seg når ein så sentral person i ein familie blir borte – saknet etter mor var nok stort hos alle seks ungene. Samstundes laut livet gå vidare med mange gjeremål på gardsbruket i tillegg til skulegang for dei fire eldste. I slike familiar laut ungene lære seg å ta i eit tak i ung alder - ungene vart fort «vaksne». Jakob skaffa seg hjelp på garden til å ta seg av både husstell og ungar. Det var Petra Haug som kom til gards og ho var hushalderske på Skurdalshaugen i tillegg til at ho var budeie på setra på Gålå om sommaren. Ho tok seg spesielt av Marit og Johan som var dei to minste i søskenflokk


Jakob sin tvillingbror Ola vart buande på garden saman med broren heile livet. Han var ei god støtte og ein god hjelpar for Jakob. Fleire meinte at dersom det ikkje hadde vore for Ola, så kunne dei fått store problem med å behalde garden. Ola var ein framifrå handverkar både i smia og på høvelbenken. Smedkunsten hadde han nok arva etter sin bestefar Jakob (1810-1898) som var ein kjend låssmed.

Som gutunge hugsar et godt at Jakob og Ola var på besøk hos oss på Otta. På Ottbragden der eg voks opp hadde vi utedo, slik som var vanleg på den tida. Da bestefar Jakob skulle på do sa han at han skulle «til kontroll» eller at han skulle av stad å «ordne med noe papir». Eg oppfatta dette som noe

spanande og spurte om å få vera med, men han ville helst vera aleine på do. Ellers var bestefar Jakob svært interessert i «høynnmusikk» og når han var hos oss på 17. mai, henda det at han gjekk bort til dirigenten og takka for musikken.

Skurdalshaugen var ein gamal samlingsstad i Skurdalkretsen. Her vart ungdomslaget Solglytt starta i 1894 og hornmusikken vart starta i 1898. Det vart derfor naturleg å nytte lokala på garden for ungdomslagssamlingar og som øvingslokale for hornmusikken. Det var fleire i familien som var hornmusikantar og både Jakob og Ola var medlemmer i ei årrekkje.

Da desse karane fyllte 70 år i 1954, kom alle musikkvenene marsjerande og spelte for heiderskarane. Saman med mange folk i nabolaget vart det eit stort selskap på Skurdalshaugen – det vart seint før dei siste gjekk heim.



Her er eit avisutklipp som viser at det også har vore landhandel på Skurdalshaugen med godkjenning frå 10.oktober 1891

## Folketeljingar på Skurdalshaugen

På nettstaden digitalarkivet.no kan ein td leite etter personar i ulike folketeljingar, kyrkjebøker mm. Det er ikkje alltid at det som er opplyst om årstall stemmer og ein ser at namn på same person blir skrivi ulikt. Her er ei oversikt over kven som budde på Skurdalshaugen da dei ulike folketeljingane vart gjennomført.

### Folketeljing 1875

001 Iver Jakobsen	1837	hf	ug	Gaardbruger og Eier
002 Anne Jakobsdatter	1846	Hans Søster	ug	Husholderske
003 Thea Hansdatter	1869	Hans Søsterdatter	ug	Forsørges af Morbroderen
004 Johannes Johannessen	1850		ug	Tjenestekarl
005 Mari Hansdatter	1858	Tjenestepige	ug	Budeie
006 S. Hermansen	1828	Tilreisende Svendske	ug	Handelskarl (Malkerød)
007 Jakob Iversen	1810	Hans Fader	g	Fødraadsmand
008 Thora Pedersdatter	1810	Hans Kone	g	
009 Even Hanssen	1866	Deres Dattersøn	ug	Forsørges af Bedstefaderen

Dette viser at det var Iver Jakobsen (1837 – 1905) som var gardbrukar på Skurdalshaugen i 1875. Ellers er søstera hans Anne Jakobsdatter(1846 – 1931) husholderske. Anne vart gift med Iver Olson Gaarder (1855 – 1937) og dei budde i Ø.N.Skurdal som dei seinare selde og busette seg på Lillehammer. Thea Hansdatter (Sveipe) er dotter til Marit Skurdalshaugen og Hans Erlandson Breivegen (N'minste Hans). Som gardar flest hadde også Skurdalshaugen ei «Tjenestepige» og ein «Tjenestekarl», men det noe uvanlege var at det også budde ein svensk «Handelskarl» på garden. Foreldrene til Iver og Anne (Jakob Iversen 1810 – 1898 og Thora Pedersdatter 1810 – 1898 ) var føderådsfolk som også budde på garden. Den andre dottera til Jakob og Thora heitte Marit (1840-1906) og ho vart gift med Hans Erlandson Breivegen (n' minste Hans). Dei kjøpte etter kvart tre gardar (Klinkenberg, Muriteigen og Sveipe) og fekk elleve ungar. Den eldste i ungeflokken, der det var sju ugifte søsken, var Even Sveipe (1866 – 1943) og det var han som heitte Even Hanssen under folketeljinga i 1875 og som voks opp hos besteforeldrene Thora og Jakob på Skurdalshaugen. Even Sveipe er ein av dei tre som har laga «Fron-Slekter»

### Folketeljing 1900

001 Iver Haugen	1837	hf	ug	Gaardbruger og selveier
002 Jakob Haugen	1884	s	ug	Søn sys med gaardsarbeide
003 Ole Haugen	1884	s	ug	Søn sys med gaardsarbeide
004 Ane Haugen	1845	tj	ug	Husholderske og budeie
005 Mathias Bakken	1869	hf	g	Inderst agent "Singer" maskink.
006 Randine Bakken	1861	hm	g	Kone sys med husligt arbeide

Her ser vi at Iver Jakobsen under folketeljinga i 1875 har skifta namn til Iver Haugen, sjøl om dette er same person. Nå er både Jakob og tvillingbroren Ola (her kalla Ole som det står i kyrkjeboka) registrert og dei er nå 16 år gamle gardskarar. Mora Ane Haugen (1845 – 1922) har ikkje fått status hm (husmor) men er registrert som ug (ugift) husholderske og budeie. Foreldrene Iver og Ane til Jakob og Ola var ikkje gift. Ellers bur ekteparet Mathias og Randine Bakken truleg i føderådsbygningen og han sel symaskiner.

## Folketeljing 1910

001 Jakob I. Haugen	1884-05-30	s		Gaardbr
002 Ole I. Haugen	1884-05-30	s		Gaardbr
003 Ahne Amundsdatter	1884-03-26	hm	ug	hm
004 Anne Sysgårdstuen	1868-12-01	tj	ug	tj
005 Iver Gaarder	1855-08-09	hf	g	Gaardbruker
006 Anne Jakobsdatter	1846-10-24	hm	g	Gaardbrukerkone

Her legg vi merke til at Jakob og Ola (Ole) er registrert med feil fødselsdag. Den korrekte er 30. april og ikkje 30. mai. Nå har Ane Haugen (1845 – 1922) i folketeljinga 1875 bytta namn til Ahne Amundsdatter i folketeljing 1910, men det er same person. Fødselsdato/år er feil for Ahne. Foreldrene til Ahne var Amund Ommundgardshagen og Anne Ivasdtr Skurdalshaugen, og derfor vart ho kalla Ahne Amundsdatter. Mor til Ahne var søster til Jakob Iversen (1810 – 1898) og ho var derfor søskenbarn til Iver Haugen (1837 – 1905). Ahne har iallfall endra status frå husholderske og budeie i 1900 til hm ( husmor) i 1910. Ellers har Anne Jakobsdatter (1846 – 1931), som var tante til Jakob og Ola, busett seg på garden saman med ektefelle Iver Gaarder (1855 – 1937).

## Folketeljingar i Nedre Nigard Skurdal

### Folketeljing 1875

001 Hans Erlandsen	1819	hf	g	Gaardbruker og Eier
002 Beret Olsdatter	1821	Hans Kone	g	
003 Oline Hansdatter	1852	Deres Datter	ug	Hjælper Forældrene
004 Eli Hansdatter	1859	Deres Datter	ug	Hjælper Forældrene
005 Karen Hansdatter	1862	Deres Datter	ug	Forsørges af Forældrene
006 Ole Østensen	1854	Deres Svigersøn	g	Frihandler
007 Kari Hansdatter	1850	Hans Kone	g	
008 Hans Olsen	1872	Deres Søn	ug	Forsørges af Bedstefaderen
009 Thea Olsdatter	1874	Deres Datter	ug	Forsørges af Bedstefaderen
010 Ole Olsen	1809	Deres Svoger	ug	Gaar i Brød med Brugeren
011 Simen Johannessen	1840	Tjenestekarl	ug	Husbondskarl
012 Pernille Johannesdatter	1846	Tjenestepige	ug	Budeie
013 Anne Olsdatter	1801	Føderaadskone	e	Føderaadskone
014 Anne Arnesdatter	1845	Hendes Steddatter	ug	Hjælper Stedmoderen

Hans Erlandsen Breivegen – n’ største Hans (1819 – 1895) og Beret Olsdatter Jetlund (1821 – 1893) var besteforeldrene til Karen Sofie og dei hadde fem døtre. Hans kjøpte Nedre Nigard Skurdal og tok etternamnet Skurdal. Fire av døtrene (Oline, Eli, Karen og Kari) bur på garden i 1875, mens den femte (Marit ) døydde i 1867 berre 18 år gamal. Eli vart gift med Torstein Johsson Rolstad (Fautgarden). Kari Hansdatter (1850 – 1928) bur på garden saman med ektemannen Ole Østensen (1843 – 1905) og dei vart foreldrene til i alt tolv barn (fire gutar og åtte jenter) der Karen Sofie er nummer ni i rekkja. Dei to eldste av desse ungane – Hans Olsen (1872 – 1952) og Thea Olsdatter (1874 - 1893) bur saman med foreldrene i Nedre Nigard Skurdal. Ole Olsen er Beret sin bror.

### Folketeljing 1900

001 Ole Skurdal	1843	hf	g	Gaardbruker s
002 Kari Skurdal	1850	hm	g	Gaardmandskone
003 Bergine Skurdal	1879	d	ug	Datter sys med husligt arbeid

004 Maria Skurdal	1883	d	ug	Datter sys med husligt arbeide
005 Østen Skurdal	1885	s	ug	Søn sys med gaardsarbeide
006 Karen Skurdal	1887	d	ug	Datter
007 Anna Skurdal	1890	d	ug	Datter
008 Mathias Skurdal	1892	s	ug	Søn
009 Peter Sortløyken	1881	tj	ug	Tjenestegut sys med gaardsarbeid
010 Karen Brandalen	1875	tj	ug	Tjenestepige sys med kreaturstel

I 1900 er Ole Østensen Skurdal (1843 – 1905) og Kari Hansdatter Skurdal (1850 – 1928) gardbrukere i Nedre Nigard Skurdal og de bor sammen med seks av sine barn. Hans O. Skurdal (1872 – 1952), som var den eldste av søskena, kjøpte farsgården i 1911. Ved folketellinga i 1900 er fire av i alt tolv søsken døde. I 1883 blir tvillingane Marie og Karen født, men Karen lever berre 2 ½ månad og dør i februar 1884. I 1892 dør Marit 13 år gamal og i 1893 dør Thea neste 19 år gamal. I kyrkjeboka står det at dødsårsaken til Marit og Thea er tæring eller tuberkulose som vi seier i dag.

### Folketeljing 1910

001 Kari Skurdal	1850-08-22	hm	e	Gaardmandskone
002 Mari Olsdatter	1883-11-22	d	ug	dtr
003 Karn Olsdatter	1887-11-13	d	ug	dtr
004 Mattias Olsen	1892-08-29	s	ug	søn
005 Oline Skurdal	1852-01-13	hm	ug	Føderaadspike

I 1910 er Kari Hansdatter Skurdal (1850 – 1928) blitt enke og driv garden saman med tre av sine barn (Mari(e), Karen (Sofie) og Mattias). I tillegg bur Kari si syster Oline på garden. I 1916 dør Mattias av tuberkulose, slik som søstrene Marit Thea og Karen Sofie. Fødselsdatoen til Karen Sofie er 13. november og denne datoen står også på gravsteinen ved Sør Fron kyrkje. I Ministerialbok for Sør-Fron prestegjeld 1881 – 1897 står det pussig nok at Karen Sofie er født 20. november. På same sida står det også at mor Kari er født i 1849 og at far Ole er født i 1842. Alle desse tre opplysingane stemmer ikkje med det som står på gravsteinane og i «Fron-Slekter» og det er derfor grunn til å lure på kva for ei kjelde som ein skal tru på.

Odd Jan Hølmo